

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tysdag 13.jan 2026 Kl. <u>17.00 – 18.50</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Randi

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele og Dag Kjetil Læg Reid (1. vara), Runar Isdahl (2.vara) og Åslaug L. Nag (3.vara)

Andre til stades: Arild Steinsland (prost)

SAKLISTE

2026/1 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste **Vedtak:** Godkjent

2026/2 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte **Vedtak:** Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt:

2025/55 - 012 Ung Kyrkje i Sunnhordland – økonomisk garanti

2026/3 - 023 Visjon for Stord sokn

Soknerådet tek opp att diskusjonen frå møtet 5.november kring ny visjon for soknet. Vedlegget inneheld eit førebels døme på visjon og eit avsnitt som utdjupar kva me legg vekt på i kven/kva me skal vere. Dette er ikkje eit framlegg til vedtak, men eit utgangspunkt for vidare drøfting i rådet for å modne forståinga av kva me legg vekt på. Førebuing før møtet er å lese notatane frå førre møte og reflektere over kva setningar i vedlegget du kjenner deg att i – og kva som ikkje stemmer godt med di oppfatning av kva me skal vere. Ta og gjerne med eigne formuleringar uavhengig av notatet, enten til visjonsformulering eller utdjupande tekst. Målet i møtet er ikkje å vedta ny visjon, men å få eit meir konsentrert og samla standpunkt om kva me meiner – som vidare kan drøftast med andre utanfor soknerådet før ein snevvar det ned til ei endeleg visjonsformulering.

Moment frå samtalen:

- Soknerådet tok utgangspunkt i utsendt tekst og drøfta korleis innhaldet treff og kva vi kjenner oss heime i når det kjem til ulike formuleringar.
- Alterbiletet er eit sterkt symbol som mange forbind med kyrkja. Korleis kan me nytta det i kommunikasjon og/eller utforming av ein visjon?
 - o Sterkare i samband med teksten på altertavla.
- Fleire i rådet gav tilbakemelding på at det er bra me bruker tid på denne prosessen og ikkje skynder oss til en konklusjon. Vidare var det positiv tilbakemelding på å ha ei noko lenger formulering som bakgrunn for kva ein legg i visjonen – men samstundes fokus på at sjølve visjonen må vere kort og konsis.
 - o Forslag om å halde på tredelinga i teksten: Jesus i sentrum / Folkekyrkje / Målet
- Kva skal me bruke visjonen til, og kor skal han stå? Kan brukast i mange samanhenger, m.a. på brevark, nettside og i anna kommunikasjon.
- Nokre konkrete forslag lufta i møtet rundt «Stord kyrkje – eit storfellesskap for tru, håp og kjærleik» eller «Stord kyrkje – eit storfellesskap i Guds nåde».
 - o Guds nåde – omgrepet knyter an til budskapet på altertavla. Kva forhold har folk utafor kyrkja til omgrepet nåde? Positivt? Framand?
 - o «Storfellesskap» eller berre «fellesskap»? Refleksjonar rundt kor tett fellesskapet i folkekyrkja skal vere – «storfellesskap» syner at me inkluderer bredt.
- Innspel om å vurdere å knyte til oss nokre som er vand med å jobbe med kommunikasjon og marknadsføring i prosessen – særleg på det med å forenkle / forkorte ein visjon?
 - o Kan hende må me «ofre» nokre innhald for å oppnå ein kort visjon?
- Naturleg å også inkludere dei tilsette i prosessen som eit neste steg. Vidare ønskjeleg å byrje å lage nokre fleire konkrete formuleringar ein kan «smake på».

Vedtak: Soknerådet arbeidar vidare med visjonsformulering på eit seinare møte. AU kan ta initiativ til ei drøfting med tilsette for å få innspel derifrå og.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2026/4 - 360 Ung Kyrkje i Sunnhordland

Arild Steinsland deltok på møtet og orienterte om planane for Ung Kyrkje i Sunnhordland. Søknad sendt til kyrkjerådet for finansiering er vedlagd som bakgrunnsinformasjon før møtet.

Aktuelle tema er til dømes:

- Kva aktiviteter er planlagde?
- Korleis sikre god rekruttering?
- Korleis integrere dette ift anna arbeid i soknet?
- Kva rolle skal soknerådet ha? Forventningar til / frå oss? Deltakar i referansegruppe.
- Status på tildelt støtte og plan for restfinansiering / skalering av opplegget

Moment frå samtalen:

- Det er innvilga 120 000kr frå Kyrkjerådet og prosjektet har søkt om ytterlegare midlar frå Bjørgvin bispedømeråd.
- 2026 er eit kick-off år, med mål om å finne og utruste unge vaksne i alderen 18-30 år og bidra til at dei kan starte eigne møteplassar / fellesskap som fortset etter prosjektet. Opplegget er tenkt som ei blanding av kurs og sosiale aktivitetar.
- Ønskjer å nå ut til studentar ved HVL. Opplever at det er begrensa rom for å få gjere aktivitetar på skuleområdet, men godt høve til å invitere dei til andre stadar.
- Prosjektet er framleis under forming og det kan verte nokre endringar i opplegget framover. Arild kjem attende med meir informasjon seinare.
- Soknerådet gav uttrykk for at dett er eit bra og naudsynt initiativ som me heier på! Positivt at ein har fått til ein søknad på kort tid, så får ein heller nytte litt tid til å forme det ferdig.
- Soknerådet er positive til å ha ein representant i ei referansegruppe, men kjem attende med namn i neste omgang når gruppa sin funksjon er litt klarare definert. Innspel frå soknerådet om å vurdere å få med representantar i ei referansegruppe frå andre stader, t.d. Bergen (St Jakob erfaring?), Sveio e.l.
 - o Trengs ei avklaring av om det er ei styringsgruppe eller referansegruppe

Vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut
 - Tilsatt en ny person på gravplassen.
 - Gjort nokre grep ift å skaffe inntekter der ein kan, t.d. ved å innføre betaling for gravplassarbeidet ved gravferd av nokre som ikkje sokner til Stord.
 - Utllysning av kyrkjeverge. Spre dette. Gi oss gjerne beskjed om det er noen vi tenker på.
 - Valg av leiar og nestleiar – gjenval.
3. Ungdomsråd (*TOL-utvalet orienterer om arbeidet med å etablere ungdomsråd, jfr Sak 2025/27*)
 - a. Soknerådet ber om ei oppdatering på dette i neste møte, og oppmodar om å få til første møte snarleg om det ikkje alt er i gong.
4. Drop-in bryllaup – kven ønskjer vere med å lage ei kjekk ramme for det?
14.februar. Positivt. Randi stiller som kyrkjevert. Fleire som vil vere med?
5. Solidus givarteneste-løysing
Er på gang. Må knyttes til Vipps og bankkonto først.
6. Døgnet 10.-11.april – Hald av datoen. Det vert overnatting (i Haugesund) og biskop emeritus Halvor Nordhaug vert med for å følgje opp tema kring enneagrammet og samhandling.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Kyrkjelivsutvalet, 27 nov